



Byggteam Vest AS
Tonny A. Dale
Mjåtveitflaten 1A
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/55 - 19/1153

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
11.01.2019

Førebels svar på førespurnad om førehandskonferanse - gbnr 214/222 Fyllingsnes

Tiltak: førehandskonferanse
Byggjestad: Gbnr: 214/222 Fyllingsnesvegen 154
Tiltakshavar:
Ansvarleg søkjar: Byggteam Vest AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 09.01.19.

Planstatus

Eigedomen er uregulert og er i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 avsett til bustadføre mål. Kommuneplanen er under rullering.

Det ligg krav om utarbeiding av reguleringsplan av arealet i kommuneplanen. Vidare ligg arealet tett opp mot eit regulert bustadfelt som i det vesentlege ikkje er utbygd.

Dette er moment som gjer at administrasjonen ut frå motteken informasjon ikkje vil vere positiv til eventuell søknad om dispesasjon til frådelling og bygging på det aktuelle arealet.

Førespurnaden om førehandskonferanse inneheld ikkje nok dokumentasjon til at kommunen kan stille førebudd til møtet, det er i dykkar interesse at førespurnaden vert supplert.

Dersom de framleis ønskjer førehandskonferanse ber vi om at de sender inn følgjande:

- kart som syner ønska tomteinndeling.
- køyretilkomst til eigedomen.
- oversikt over deltakarar og kontakinformasjon til desse (gjerne e-postadresse).

Vi vil kalle inn til førehandskonferanse når de har supplert med ovvannemnde.

Dersom vi ikkje hører frå dykk innan 29.01.19 vert saka arkivert utan handsaming. De er i så tilfelle velkomne til å tinge førehandskonferanse ved seinare høve.



Vi gjer merksam på at gjennomføring av førhandskonferanse vert fakturert med gebyr på kr. 3.150,-

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Byggteam Vest AS

Mjåtveitflaten 1A 5918

FREKHAUG

Mottakarar:

Byggteam Vest AS

Mjåtveitflaten 1A 5918

FREKHAUG